

# **Prosjektplan for kulturminneregistrering i samband med arealoverføring, Masfjorden kommune**

Vi viser til brevet vårt av 12.09.2023 der vi varsle at tiltaksområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Prosjektplanen gjer greie for kva vi ventar å finne, arbeid og metode, samt omfang av registreringa.

## **Potensialvurdering**

Det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Områdets høgd over havet og topografiske forhold indikerer potensiale for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Slike kulturminne gjev viktig informasjon om busetnad og ressursutnytting lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Det planlagde tiltaket utgjer eit større privat tiltak, og tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast i området. Vi viser her til lov om kulturminne §§ 9 og 10.

## **Registreringsmetodar**

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved registreringa skal vi nytte metoden prøvestikking.

Ved prøvestikking grev vi prøveruter for hand på om lag 40x40 cm ned til funntom undergrunn. Jordmassane blir oftast sålda i vatn i 4 mm såld for å fange opp eventuelle funngjenstandar.

Førhistoriske strukturar og funn, samt prøvestikk vert dokumentert ved planteikning, foto og innmålt digitalt med CPOS/GPS.

Etter feltarbeidet blir metode og resultat frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast før den endelige rapporten er ferdig dersom det er ynskjeleg.

## **Omfang av registreringa**

Det er i denne saka budsjettert med to personar i felt i inntil tre dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil seks dagar til førebuing, rapportarbeid og oppfølging, for ein person. I tillegg kjem inntil ein stk. 14C-prøve i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

12 september 2023

Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Seksjon for kulturarv